



Digitaliseringsstrategi for eKommune Sunnmøre

Innleiing

- 1) Forord
- 2) Mandat
- 3) Omfang og avgrensning
- 4) Hovudmålsetjing
- 5) Strategi for 2016-2020
- 6) Dei sektorielle satsingsområda
- 7) Dei tverrgåande satsingsområda

1. Forord

“IKT spelar ein stadig større rolle i vår kvardag. Ein gjennomtenkt og langsiktig satsing på IKT er viktig for ei god utvikling av tenestene til kommunane sine innbyggjarar. For å lukkast med dette er det behov for kunnskap og kompetanse, og ein tydeleg strategi for verksemdene si utvikling ved hjelp av IKT. Digitalisering skjer på alle områder i offentleg sektor. Det er utstrakt interkommunalt samarbeid på digitaliseringsområdet og tydelege signal om at kommunane ynskjer å samarbeide om IKT-utviklinga.

Denne digitaliseringsstrategien skal definere hovudlinene for korleis IKT skal støtte opp under planlagt tenesteutvikling og bidra til å løyse eigne utfordringar. Strategien skal støttast opp av ein taktisk del, og ein operativ del, samt ein handlingsplan.

Denne strategiske delen er langsiktig og skal ta omsyn til framtidige behov og peike på kva som er kommunane sitt satsingsområde. IKT er eit felt i rivande utvikling, og strategien skal vere eit verktøy for å sikre ein trygg produksjon av tenester, og vere eit hjelpemiddel for å bidra til innovasjon og nyskaping. IKT vil vere eit strategisk virkemiddel for kommunane sitt arbeid med omstilling, organisasjonsutvikling og økonomisk effektivisering av drifta.

Organisasjonsutvikling skal vere eit satsingsområde på alle nivå.

Strategien skal sikre at innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og andre brukarar har tilgang på kvalitetssikra informasjon gjennom eit digitalt førsteval overfor kommunen og kommunale tenester.

Visjon: Digitalt førsteval gjev enklare dagar

Visjonen inneber at vi skal kunne levere tenestene våre meir effektivt og gjere kvardagen enklare for innbyg-

gjarar og brukarar ved å ta i bruk IKT på smartare måtar.

Strategidokumentet skal:

- bidra til at kommunane i samarbeidet utviklar god service og effektiv tenesteproduksjon.
- hjelpe kommunar i prosessen med å lage sine lokale strategiar med tilhøyrande handlingsplanar, med tilhøyrande definerte effekt- og resultatmål.
- legge grunnlaget for god digital forvaltning og møte forventningane til den heildøgnsopne digitale forvaltninga 24/7.
- hjelpe kommunane med å møte framtidens behov for digitale tenester på ein aktiv måte.

Sign. _____
(Styreleiar)

Sign. _____
(Prosjektleiar)




2. Mandat

Styret vedtok i møte 15.9.2014, å starte eit prosjekt for ny digitaliseringsstrategi. Det blei oppretta ei prosjektgruppe og 6 arbeidsgrupper: 3 sektorielle og 3 tverrfaglege. Arbeidet skulle vere slutført i løpet av våren 2015.

Mandatet:

“Digitaliseringsstrategi-gruppa sitt hovudføremål er å styre gjennomføringa av arbeidet i eKommune Sunnmøre sin nye digitaliseringsstrategi, bygd på KS sin “ Digitaliseringsstrategi 2013-2016 for kommuner og fylkeskommuner”.





3. Omfang og avgrensning

Føresetnader:

- eKommune strategi følger tilrådingar til det statlege digitaliseringsprogrammet og legg til rette for digitalisering i kommunal sektor.
 - Eit grunnleggjande premiss for digitaliseringsarbeidet er at omsynet til sikkerheit, robustheit og personvern takast i vare.
 - Aksept for bruk av pilot-kommunar. Samarbeidskommunane i eKommune Sunnmøre må kunne drive innovativt arbeid som på eit seinare tidspunkt vert til nytte for alle. Dette betyr også at der er opning for ein dynamisk utvikling av dei digitale tenestane, dvs. at der er aksept for ulik framdrift, inkl. nye løysingar.
 - Dersom fellesressursene ikkje gir rom for pilotering, kan ein eller fleire kommunar likevel gå saman om pilotarbeidet, under føresetnad av at dei sjølve kan dekke kostnadane.
 - Kommunane sine lokale strategiar, med handlingsplan, må vere utvikla i løpet av første halvår 2016.
 - Regelmessige anbudsprosessar for å sikre at vi har rett prising og har fokus på innovativ utvikling innanfor system-, teknologi-, og sikkerheitsarkitektur.
- Det skal gjennomførast ROS-analyse før igangsetting av alle prosjekt av ein viss storleik.
 - Ved innføring av nye system skal alternative driftsformer vurderast.
 - IKT-strategien gir føringar til planar og behov i tenesteområda.
 - At det vert utarbeida gevinstrealiseringsplanar i alle prosjekt før oppstart.
 - Kommunane er lojale til felles satsingar.

Digitaliseringsstrategien skal omfatte både ein strategisk og ein handlingsorientert del. Dette dokumentet omfattar den strategiske delen, som skal vere langsiktig og angi kva som er kommunane sine felles satsingsområder.


Den handlingsorientert delen, som skal seie noko om kva kommunane skal gjere i fellesskap og med forankring i strategien, skal utarbeidast så snart denne delen er vedteken i kommunane.



4. Hovudmålsetjing

- Gjennom digitale sjølvbetjeningsløyningar får innbyggjarar, næringsliv og andre brukarar tilgang til kvalitetssikra informasjon og døgnopne tenester, slik at dei har eit reelt digitalt førsteval.
- Nettbaserte tenester for kommunikasjon med innbyggjarar, brukarar og næringsliv tilfredsstiller krav til universell utforming.
- Arbeidsprosessar og oppgåver er standardisert og forenkla gjennom bruk av digitale løyningar.

Fylgjande skisse syner prinsippa for kva som ligg til grunn for å kunne ta ut effektane av strategien:



” For å lykkes med en god, digital forvaltning må de digitale selvbetjeningsløsningene være forståelige og enkle å ta i bruk.

Regjeringens digitaliseringsprogram

Strategien skal hjelpe kommunane med å nå fylgjande effektmål:

Kommunane har:

- realisert gevinstar ved å nytte IKT effektivt til å jobbe på nye måtar.
- kompetanse til å sette i verk endringsprosessar og involvere dei rette aktørane, basert på tenestemråda sine behov.
- leiarar som ser samanhengen mellom tenesteproduksjon og teknologibruk, og nyttar dette til tenesteutvikling.
- kompetanse til å utnytte anskaffelsesprosessen som eit strategisk virkemiddel for å fremme innovasjon
- kompetente tilsette som nyttar digitale løysingar i sitt daglege arbeid.
- digitale løysingar er fyrsteval.
- tilsette som gir innbyggjarar og næringsliv støtte og rett leiing i bruk av dei digitale løysingane.
- teke i bruk digitale medier for å fremme dialog, auke informasjonsspredning, krisekommunikasjon og for å styrke lokaldemokratiet.
- kompetanse om lovpålagte krav til personvern og informasjonssikkerheit.
- tatt i bruk løysingar basert på nasjonale standardar og felleskomponentar.
- felles ressurs for beredskap, FoU, prosjektstyring og fagnettverk.
- analoge arkiv er gjort tilgjengeleg gjennom digitalisering.
- innført elektroniske betalingsløysingar
- prinsipp for arkivering av digitale dokument er avgjort for dei ulike fagområda.
- elektronisk dokumenthandtering.
- tilgang på innsynsløysingar for å gjere dokument elektronisk tilgjengeleg.

5. Strategi for 2016-2020

Strategiske satsingsområder og taktiske val

Digitale tenester

- Nytte sjølvbetjeningsløysingar som er intuitive og informative.
- Nytte nettbaserte tenester som tilfredsstillir krav til universell utforming.
- Tilby sikker tilgang til eigne opplysningar via nettsidene.
- Ha fokus på brukartilpassa utvikling.
- Fagleg samarbeid på nett.

Digital dialog

- Dokumenthandtering skal gjerast elektronisk.
- Digitale løysingar skal fremme dialog, informasjonsarbeid, krisekommunikasjon og styrke lokaldemokratiet.
- Digitale løysingar skal fremme samhandling i og på tvers av forvaltningsnivå.
- Innbyggjardialog skal foregå ved bruk av digitale verkty.
- Legge til rette for bruk av elektronisk samhandling i kompetansebygginga, t.d. bruk videokonferanseutstyr til felles opplæringsaktivitetar.

Kompetanse

- Tilby tilsette kompetanseheving i å bruke IKT effektivt.
- Gi støtte til brukarar og innbyggjarar i bruk av digitale verkty.
- Beskrive kompetansebehovet for prosjekt som involverer ikt-verkty.

Arkitektur og standardisering

- Samordne og standardisere IKT-løysingar med vekt på innovasjon og utvikling.
- Nasjonale standardar og felleskomponentar skal nyttast for å sikre integrasjon i og på tvers av forvaltningsnivå.
- Nettverka skal vere robuste med høg oppetid.

Strategisk leiing

- Politikarar og leiarar tileignar seg kunnskap om samanhengen mellom tenesteproduksjon og teknologibruk, og nyttar denne til innovasjon i organisasjons- og tenesteutvikling.
- Kommunale toppleiarar og fagleiarar får tilstrekkeleg kunnskap om, fokus på og engasjement for, digitalisering av tenester og forvaltning.
- Kommunale leiarar prioriterer digitalisering som ein naturleg del av sitt leiarskap.
- IKT-systema skal vere effektive informasjons- og styrings verkty for administrasjon og leiing.
- IKT-systema skal gi økonomisk gevinst og legge grunnlag for meir effektive tenester.

Organisasjonsutvikling

- Ikt-løysingane skal understøtte utvikling og effektivisering av arbeidsprosessar, organisasjon og tenesteproduksjonen i og på tvers av kommunane.
- Prinsippa for lærande organisasjonar skal vere gjennomgåande forutvikling og innovasjon av tenestene.

Gevinstrealiseringsplanen skal vise hvilke effektar tiltaka har gitt.

Gevinstrealisering skal takast ut i form av gevinstar som er

1. Prosessuelle

- Standardiserings- og organisasjonsutviklingsprosjekt på tvers av kommunane må ha som mål å skape innovasjons- og kvalitetsforbetningsmiljø i kommunane. Desse må ha tilstrekkeleg kompetanse til å gje rom for FoU-miljø, pilotering, småskala forsøk, utrulling i full skala og evaluering som gjev grunnlag for betre treff med investeringar, redusert driftssårbarheit og betra beredskap/ ROS-styrt arbeid i alle delar av utviklingsprosessar.
- Løpande synkronisering av informasjon.
- Innsyn i saksbehandlingsprosessen.
- Kritisk evne til å endre/ta bort arbeidsprosessar ved å ta i bruk digitale tenester.

2. Organisatoriske/ strukturelle

- Sjølvbetente løysingar.
- Fjerne arbeidsprosessar som då faller bort.

3. Økonomiske

- Standardiserte løysingar gir færre system som igjen gir rimelegare drift/opplæring/lisensar
- Storkunde-fordelar gir marknadsmakt
- Meir målretta fag-kompetanse
- Færre feilkjøp/reduksjon av unødige innkjøp

4. Kvalitetsmessige

- Kontinuerlig ajourført informasjon, uavhengig av kven som eig den
- Betre beslutningsgrunnlag i alle ledd i organisasjonen.
- Betre og enklare tilgang til data/informasjon.
- Informasjon/produkt tilpassa bransjens behov.
- Sikker pålogging på kjent måte gjennom ID-porten.

5. Demokratiske





6. Dei sektorielle satsingsområda



a) Oppvekst, utdanning og kultur

Utfordringsbilete

Det store bakteppe for digitalisering er den generelle samfunnsutviklinga som endrar kultur- og oppvekstinstitusjonane sitt mandat og plass i samfunnet, og med det utfordrar organisering, innhald og krav til kompetanse. Barnehagar, skular og kultur går gjennom dei same krav til omstilling som samfunnsinstitusjonane og arbeidslivet elles og må endre innhald og arbeidsmåtar i samsvar med dette. I hovudtrekk er det same utfordringane lokalt og globalt. Prinsippskissa som strategien vil arbeide etter for oppvekst, utdanning og kultur, vil i prinsippet sjå slik ut:

Effekt mål

- Barn og foreldre finn sin informasjon (mapper) på «min side», med ein sikker måte å logge på.
- Barn og unge lærer kreativ og innovativ bruk av digitale media i barnehage, skule og kulturskule
- Tilsette er pedagogisk og fagleg kompetente slik at barn og unge er kritiske konsumentar og kreative produsentar av digitale presentasjon.
- Barn og unge får tilgang til pedagogisk fagkompetanse og tenester gjennom digitale verkty og nettverk
- Tilsette kan produsere faglege læringsressursar med både tekst, bilde, video og simulasjonar.

Strategiske satsingsområder og taktiske val

Digitale tenester

Tilby:

- ope innhald og hybrid læredesign ved bruk av intuitiv teknologi.
- OER (opne læringsressursar) og massive opne online kurs (MOOC).

- animasjon, simulering, video og spelbaserte læringsressursar.
- trykkskjermer og andre "naturlege" brukargrensesnitt.
- stemmegjenkjenning, rørslestyring og gjenkjenning av brukarmønster.
- læringsituasjonar med bruk av varierte mobile verkty.

Digital dialog

- Gjennom informasjon og opplæring motivere til bruk av eksterne portalar som er integrert med kommunale kart- og saksbehandlingssystem.

Kompetanse

- Autentisk og utfordringsbasert læring.
- Aktivitetsbasert læring.
- Elevar og tilsette blir produsentar og ikkje berre konsumentar av data og informasjon.

Organisasjonsutvikling

- Revurdering av lærarrolla
 - samarbeid mellom kollegaer på skulen
 - samhandling frivilligheit og samfunn
 - samarbeid med foreldre og eksterne partar
 - hybrid variantar av læringsmiljø heller enn fulle nettbaserte
 - metodiske endringar som t.d. omvendte klasserom



b) Tekniske tenester, plan, bygg og geodata

Utfordringsbilete

Kommunane har ansvar for at plan- og byggesaksprosessar er bygd på grundige analyser og at saksbehandlinga er open. Informasjon som er nødvendig som grunnlag i saksbehandlinga er i dag ikkje lett tilgjengeleg i tilstrekkeleg grad, og ikkje godt nok oppdatert og/eller kvalitetssikra.

Informasjonen ligg i dag hos ulike interne og eksterne leverandørar. Ekstern informasjon vert gjerne henta via tredjepart, og kan vere lite oppdatert. Fleire fagsystem som vert nytta er ikkje i stand til å utveksle data med sentrale offentlege register, andre fagsystem og sak/arkivsystem. Det kan vere vanskeleg å skaffe seg oversikt over kva data som fins, på kva format og kvalitet.

Nokre av kommunane har starta scanning av mindre deler av byggesaksarkivet, men berre ein liten del er gjennomført. Arbeidet er omfattande, og det er lite klart korleis ein bør gjennomføre ei slik scanning.

Deler av informasjonen ligg i gamle analoge arkiv som kanskje berre ein skilde saksbehandlarar kjenner til, eller i eigne databasar/rekneark hos den ein skilde saksbehandlar. Mykje av denne informasjonen er verdifull, og bør gjerast tilgjengeleg og kunne koplast mot annan kartfesta informasjon.

Manglende integrasjon har medført at kommunane har oppretta fleire parallelle arkiv-system. Gjennom integrasjons-løysingar og Noark-standarden er det mogleg å la ulike fagsystem arbeide direkte mot eitt sentralt arkiv.

Manglende tilgang på fagkompetanse har ført til meir interkommunalt samarbeid både ift. sakshandsamarmiljø og fagmiljø. Dagens ikt-løysingar kompliserar dette samarbeidet. Analoge arkiv til bruk i saksbehandlinga er ikkje tilrettelagt for digitale løysingar.

Effekt mål

- Kommunane har ein digital plan- og byggesaksprosess.
- Informasjon som ligg lagra i ulike analoge arkiv vert brukt digitalt.

- Plan- og byggesaksdialog er tatt i bruk.
- Smartløysingar er tatt i bruk til overvaking og drift av bygg og teknisk infrastruktur.
- Strategiske satsingsområder og taktiske val.

Digitale tenester

- Nasjonale og felles kommunale standardar for informasjonsutveksling vert tatt i bruk etter kvart som dei vert utvikla.
- Informasjon som ligg lagra i ulike analoge arkiv vert gjort tilgjengeleg.

Digital dialog

- Gjennom informasjon og opplæring motivere til bruk av eksterne portalar som er integrert med kommunale kart- og saksbehandlingssystem.

Kompetanse

- Gjennomføre kompetansebygging som samarbeidsprosjekt på tvers av kommunegrensar.

Organisasjonsutvikling

- Utnytte moglegheitene for integrasjon mellom saksbehandlingssystem, kartsystem og portalløysingar.
- Tilrettelegge for enkel dokumenthandtering gjennom informasjon og opplæring.
- Sette krav til leverandørar om tilrettelegging for synkronisering/integrasjon mellom ulike datasystem.
- Gjennomføre samarbeidsprosjekt på tvers av fag og kommunegrensar for planlegging og gjennomføring av digitalisering.

Arkitektur og standardisering

- Tilrettelegge for effektiv og sikker drift gjennom lagring på fellesserver. Kontinuerlig utveksling av informasjon mellom fagsystem og mellom saks-/arkivsystem og fagsystem.
- Bruk av smartteknologi.





c) Helse og velferd

Utfordringsbilete

Vi går i mot ei framtid med større tal eldre i befolkninga medan tal yrkesaktive pr. eldre går ned. Mange av framtidens eldre vil vere friske og aktive med ønske om å bu i eigen heim så lenge som råd og vil truleg ønske og etterspørre teknologi som aukar meistringsevna, heller enn å være avhengige av andre menneske. Mange av dei komande eldre vil ha god kompetanse om teknologi og ønske om å bruke den. Vi må forvente å møte/bli møtt med ønske om «digitalt førsteval» av innbyggerane våre.

Ei heilskapleg satsing på IKT vurderast som eitt av dei mest virkningsfulle tiltaka for styrka kvalitet og effektivitet i helse- og omsorgssektoren. Legekontor, sjukeheimar, tannklinikkar og helseforetak er heilt avhengig av IKT for å fungere. Samtidig har Internett blitt ein naturleg kanal for dialog med ein veksande del av befolkninga. Samarbeid mellom ulike ledd i tenesteyting og førebyggjande arbeid er òg aukande. Bruk av teknologi er av sentrale myndigheter peika på som eit av verkemidla for å møte framtidens omsorgsutfordringar.

Dei nye teknologiske løysingane og spakkane som vert utvikla, må kunne tilretteleggast for at også andre enn kommunale tenester kan kommunisere med brukaren, t.d. frivillige, pårørande eller private leverandørar.

Bruk av ny teknologi vil utfordre helse- og velferdstjenestene våre. Innovasjon og utvikling om digitalisering av helse og velferdsløysingane blir heilt naudsynt for å klare å møte framtidens omsorgsutfordringar.

Effekt mål

- Velferdsteknologi er brukt som alternativ og supplement til personalinnsats
- Velferdsteknologi understøttar eigenmeistringsevne og skaper sikkerheit og meistring for innbyggerane
- Kommunane samarbeider med brukar/pårørande om val av velferdsteknologiske løysingar for den einskilde

- Brukarar/pårørande som sjølv ønskjer å skaffe utstyr, får kvalifiserte råd om krav til og bruk av utstyr



- Det er felles mottakssentral
- Har oppdater dokumentasjon og rutinar som kreves for å tilfredsstille “Norm for informasjonssikkerhet”
- Strategiske satsingsområder og taktiske val

Digitale tenester

- Tryggleiksskapande teknologiar - tryggjar menneske heime og motverkar sosial einsemd
- Meistringsteknologiar - aukar meistringsevna m.a. ved kompensierende tiltak og rehabilitering
- Helseteknologiar - bruk av medisinske målingar og behandling i eigen heim (hospital@home)
- Velværeteknologiar - helsefremmande tiltak

Digital dialog

- Teknologi for sosial kontakt

Kompetanse

- Tenestedigitalisering krev ny kompetanse, teknisk/teknologisk
- Auke kompetansen om velferdsteknologi
- Digitale læringsformer må systematisk takast i bruk

Organisasjonsutvikling

- OU-fokuset er behovsstyrt og teknologistøtta

Arkitektur og standardisering

- Continua-rammeverket leggast til grunn (ev SCAIP)
- Opne leverandøruavhengige grensesnitt som sikrar konkurranse
- Sentralt mottak for alarmer



7. Dei tverrgående satsingsområda

a) Arkitektur og standardisering

Utfordringsbilete

KS har tatt initiativ til utvikling av felles kommunal IKT-arkitektur.

Det er eit stort potensiale for rasjonalisering og tenesteutvikling ved å ta i bruk IKT på tvers av organisatoriske grenser i offentleg sektor i Noreg.

Å få til effektiv samhandling i offentleg sektor basert på deling av data og felles løysingar er svært utfordrande.

Definisjonar

| Arkitekturdomene | Definisjon |
|-----------------------------------|---|
| Verksemdsarkitektur | Måten ei verksemd er organisert, måten arbeidsprosesser er satt sammen og korleis IT-løysingar utnyttast. |
| Forretningsarkitektur | Sammenheng mellom strategi, organisering og prosessar. Gevinstrealisering. |
| Informasjons- og systemarkitektur | Grensesnitt for utveksling av data og dataflyt mellom system. |
| Teknologiarkitektur | Standarder for infrastruktur, mellomvare og nettverk. |
| Sikkerhetsarkitektur | Sikkerhetsstandarder, utstyr og rutiner. |

Verksemdsarkitektur

Effekt mål

- Kommunane har rutinar som sikrar koordinering av IKT-prosjekt.
- Det er god kommunikasjon mellom bestillande- og utførande eining.

Forretningsarkitektur

Effekt mål

- Digitaliseringsstrategien er forankra i kommunale strategiar og planar.
- Kommunane sine IKT-handlingsplanar er forankra i digitaliseringsstrategien.
- Felles IKT-løysingar er grunnlaget for kostnadseffektiv interkommunal samhandling og samarbeid.

Informasjon og systemarkitektur


Effekt mål

- IKT-løysingar er tenesteorienterte. Funksjonalitet er basert på identifiserbare arbeidsprosessar.
- IKT-arkitektur er basert på IKT-komponentar/arkitektur prinsipp for offentleg sektor og nasjonale felleskomponentar som SvarUt, Altinn, matrikkel og ID-Porten.
- Bruk av identitetshandteringssystem for datakvalitet og tilgangsstyring.
- Kommunane tilbyr elektroniske tenester med autentisering mot ID-porten.

Teknologiarkitektur

Effekt mål

- Standardisert system og løysingar på tvers av kommunane.
- Det er etablert felles datasentral med 24/7 beredskap.
- Det er etablert rutinar som sikrar at det blir rulla ut mørk fiber i stamnettet og til flest mulig kommunale lokasjonar.
- Høgkapasitets trådløst nettverk skal kunne tilbys ved alle kommunale lokasjonar.
- Det er etablert ei kommunal skyløysing for lagring av sensitive personopplysningar.
- Det er etablert felles stamnett for kommunane på Sunnmøre.



Sikkerhetsarkitektur

Informasjonssikkerheit omhandlar:

- Konfidensialitet - sikre at ingen uvedkomande får tilgang til data.
- Integritet - hindre uautorisert eller utilsikta endring av data.
- Tilgjenge - sikre at data er tilgjengelege når tilgangen er naudsynt.

Effekt mål

- Kommunane har kontroll over tilgangar.
- Kommunane har samordna arbeidet med og følgjer krav til informasjonssikkerheit.
- Det er etablert:
 - felles funksjon som kan bistå kommunane med å utarbeide risikovurderingar
 - felles rutinar og retningsliner for handsaming av personopplysningar
 - felles internkontroll
- Det er laga ein plan for sikkerheitssjekk av oppsett på relevante tenester, nettverk og brannmur for minst anna-kvart år framover.

b) Administrative fagsystem

Utfordringsbilete

Det vert stilt stadig høgare krav til effektivisering av interne kommunale støttfunksjonar. Det viktigaste virkemiddelet for å oppnå gevinstar er å automatisere arbeidet gjennom bruk av digitale løysingar/administrative fagsystem og saksarkivsystem. I dag har vi utfordringar knytt til:

- Saksbehandling: doble rutinar, dvs. både papirbaserte og elektroniske.
- Ulike arbeidsrutinar og manglande standardisering av oppgåver og bruk av verktøy.
- Krevjande kommunikasjon med andre aktørar (kommunar, stat, fylke og andre).
- Manglande integrasjonar mellom system.
- Manglande rutinar for lagring av digital arkivverdig informasjon.

Dei administrative fagsystema skal bidra til å effektivisere dei interne funksjonane sin produksjon.

Effekt mål

- Har felles portalløysing integrert mot plattformer/ verktøy kommunane har i bruk.
- Saksbehandlarar har tilgang til elektroniske/ digitale samhandlingsverktøy som knyt fagmiljø saman på tvers av kommunar og forvaltningsnivå.
- Støtte- og fagsystem er standardisert og digitalisert slik at oppgåveproduksjon og leveranse kan skje uavhengig av geografisk plassering.
- Kommunane tilbyr MinSide for innbyggjarane. Grense snittet genererer informasjon som er relevant for den enkelte ut frå val i den digitale dialogen.
- Kommunane brukar gjeldande nasjonal standard for arkivdanning i alle løysingar som arkiverer elektroniske saksdokument.





Digitaliseringsstrategi
april 2016